



Herleif Kåre Tvedt
Reikeråsvegen 140
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1857 - 19/4784

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
14.02.2019

Varsel om at kommunen vurderer å vedta at utsleppet frå bustad på eigedomen er ulovleg - gbnr 25/2 Tvedt nedre

Lindås kommune viser til tidlegare korrespondanse vedkomande lekkasje frå slamavskiljaren for bustaden med adresse Reikeråsvegen 141 på gbnr 25/2.

Vi varslar med dette at vi vurderer å vedta at avløpsanlegget for bustaden ikkje lenger er lovleg og at du må søkja om nytt utsleppsløyve, jf. forskrift om begrensing av forurensing § 12-16.

Vi er kjend med at du har søkt om fritak frå kommunale avgifter fordi bustaden ikkje lenger er i bruk. Det er opplyst at bustaden heller ikkje er i ein slik stand at han er eigna til bustadforemål. Du har fått gebyrfritak fram til 31.12.2019. Bustaden ikkje kan takast i bruk igjen før det er søkt om og gitt utsleppsløyve og nytt avløpsanlegg er etablert og ferdigstilt.

Frist for innsending av søknad om utsleppsløyve vert sett til **31.12.2019**. Dersom kommunen ikkje har mottatt søknad innan fristen kan kommunen pålegga at de iverkset tiltak innan ein nærare fastsett frist, jf. forureiningslova § 7 fjerde ledd.

Grunngjeving

Vi viser til vårt skriv datert 07.07.2016 der vi ber om informasjon om avløpsanlegget på eigedomen. Vi har mottatt tilbakemelding frå deg 20.07.2016 der du opplyser at slamavskiljaren er av betong og har eit volum på om lag 2 m³, og at utsleppet vert ført til lukka terrenggrøft.

Kommunen har ingen opplysningar om avløpsanlegget på eigedomen ut over dei registreringane som ligg i slamregisteret. Med bakgrunn i rapportering etter gjennomført slamtømming og tilbakemelding frå deg, legg kommunen legg til grunn at avløpsanlegget på eigedomen er etablert før det vart innført søknadsplikt og at avløpsanlegget består av eldre slamavskiljar av betong der avlaupet vert ført til terreng.

Ved gjennomført slamtømming i 2016 er det registrert lekkasje frå slamavskiljaren. Det er ikkje gjennomført slamtømming i 2018.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Avløpsanlegget for bustaden er ikkje i tilfredsstillande stand og stettar heller ikkje gjeldande krav til utslepp. Slik anlegget framstår i dag er det fare for forureining. Forureiningsforskrifta § 12-16 gir kommunen høve til å bestemma at utslepp som ikkje trong løyve den gang dei vart etablert, ikkje lenger er lovlege.

Når det er fare for forureining i strid med lova eller vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga sørga for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørga for å stansa, fjerna eller avgrensa forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Kva må du gjera

For å få eit lovleg utslepp må du søkja om nytt utsleppsløyve. Du må få løyve frå kommunen før du kan begynna med utbetringane. Du bør ta kontakt med eit godkjend rørleggarføretak som kan førebu og senda inn søknad for deg.

Frist for uttale

Dette brevet er ikkje eit vedtak, men eit varsel om at kommunen vil fatta vedtak i saka, dersom du ikkje sender oss nye opplysningar som tilseier eit anna utfall i saka. Forvaltningslova har bestemmelser som sier at kommunen skal senda slikt førehandsvarsel.

Hvis du meiner opplysningene våre er uriktige, eller at det er andre forhold som gjer at du ikkje er einig i at utsleppet ikkje lenger er lovlig, ber vi om at du tar kontakt så snart som mogleg og seinast innan **4 veker**. Dersom kommunen ikkje mottar nye opplysningar i saken vil du motta vedtak om oppheving av utsleppsløyvet dersom det ikkje vert søkt om nytt utsleppsløyve innan fristen.

Du har rett til å uttala deg før kommunen gjer vedtak som nemnd over, jamfør forvaltningslova § 16.

Eventuelle merknader sender de til:

Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø eller postmottak@lindas.kommune.no.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56 37 50 00 eller på e-post.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Mottakarar:

Herleif Kåre Tvedt

Reikeråsvegen 140 5913

EIKANGERVÅG